

Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Fredag 4. september 2020 kl. 09.30
Mandelhuset, Tysnes

Sak 32/20
THM/aat

Undervegsevaluering – overgang til Rogaland fylke

Kommunestyret i Stord har hatt ei drøfting på kommunen og resten av Sunnhordland sin situasjon etter overgangen til Vestland fylkeskommune. I debatten var det og oppe om kommunen bør melda overgang til Rogaland. Bakgrunnen for debatten var blant anna forventningar som låg til grunn til desentraliserte oppgåver, og fylkesutvalet si handsaming av ferjefri kyststamveg, Hordfast.

I møte i Samarbeidsrådet 5. juni – sak 27/20 vart det gjort følgjande vedtak:

Samrøystes vedtak:

- 1. Samarbeidsrådet for Sunnhordland vil gjennomføra ei undervegs evaluering av Sunnhordlandskommunane si rolle i det nye Vestland fylke*
- 2. I fase 1 skal det gjerast ei vurdering om Sunnhordlandskommunane har ein tydeleg nok posisjon i det nye fylke.*

Fylkeskommunen skal koplast inn for å synleggjera sitt syn på saka.

- 3. Ut frå resultat frå fase 1 skal det gjerast ei vurdering om det er grunnlag for å starte arbeidet med fase 2, der kvar kommune kan gjera ei vurdering om det er tenleg å gå vidare med prosess for å vurdere ny fylkestilknytning.*
- 4. Administrasjonen legg fram ei skisse på mandat, prosess og finansiering til møte 4. september.*

Arbeidsutvalet drøfta saka på møte 21. august og understrekte viktigheita av vurdere dagens situasjon, opp mot intensjonsavtalen. Administrasjonen har starta arbeidet med å kartlegge tids- og kostnadsramma.

Framlegg til vedtak:

Samarbeidsrådet vedtok i sak 27/20 følgjande:

1. Samarbeidsrådet for Sunnhordland vil gjennomføra ei undervegsevaluering av Sunnhordlandskommunane si rolle i det nye Vestland fylke.
2. I fase 1 skal det gjerast ei vurdering om Sunnhordlandskommunane har ein tydeleg nok posisjon i det nye fylke.

Fylkeskommunen skal koplast inn for å synleggjera sitt syn på saka.
3. Ut i frå resultat frå fase 1 skal det gjerast ei vurdering om det er grunnlag for å starte arbeidet med fase 2, der kvar kommune kan gjera ei vurdering om det er tenleg å gå vidare med prosess for å vurdere ny fylkestilknytning.
4. Administrasjon legg fram ei skisse på mandat, prosess og finansiering til møte 4. september.

Som eit resultat av fylkessamanslåinga har Samarbeidsrådet for Sunnhordland vore uroa for at den nye fylkeskommunens nærvær i Sunnhordland vil bli redusert. Overordna har Samarbeidsrådet for Sunnhordland som mål at Rogaland fylke blir ein del av Vestland fylke. Slik situasjonen er no, så frykta ein at Sunnhordland blir ein utkant i det nye storfylket.

I Intensjonsplanen til Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar, datert 17. januar 2017, har ein lagt opp til ei spreining av administrative funksjonar i fylket. Funksjonar innan veg, opplæring og idrett, næring og kultur, skulle lokalisert i distriktskommunar i Hordaland.

Med bakgrunn i dette skal Samarbeidsrådet for Sunnhordland evaluere kva verknader fylkessamanslåinga har fått for Sunnhordlandsregionen.

Arbeidet er inndelt i to fasar. Den første fasen vil bli gjennomført i regi av Samarbeidsrådet for Sunnhordland, og består av innhenting og bearbeiding av informasjon.

Fase to er oppfølginga som vil skje i den enkelte sunnhordlandskommunen der det skal vurderast om det er tenleg å gå vidare i arbeidet med ny fylkestilknytning.

Mandat:

Det skal gjennomførast ei evaluering av Sunnhordlandskommunane si rolle i det nye Vestland fylke. Evalueringa skal vurdere følgjande:

- Lokalisering av fylkeskommunale funksjonar før og etter fylkessamanslåinga.
- Talet på fylkeskommunale einingar og funksjonar som er lokaliserte i Sunnhordlandskommunane og talet på tilsette, før og etter fylkessamanslåinga.
- Politisk representasjon frå dei ulike regionane i Vestland fylke, i fylkesting, fylkesutval, hovudutval, andre utval og råd.
- Fordeling av investeringsmidlar til bygg, anlegg og veg, etter region, før og etter fylkessamanslåinga.

- I tillegg til å analysere Sunnhordland sin posisjon i Vestland fylke vs. Rogaland fylke, så bør analysen ta for seg scenarioet Rogaland fylke som ein del av Vestland fylke. Det bør være ein overordna og transparent analyse, med høg nytte og gjenbruksverdi for alle involverte partar.

Prosess:

Samarbeidsrådet sin administrasjon vil vere prosjektleiinga for evalueringsarbeidet, og oppdraget skal utførast av ein ekstern konsulent med relevant kompetanse og erfaring.

Anskaffingsreglenes del 2 vil bli lagt til grunn for anskaffinga.

Arbeidet er forventa å ha oppstart i oktober/november 2020, og evalueringsrapporten er ønska levert innan februar 2021.

Arbeidsutvalet får fullmakt til å fatte avgjerder av ikkje-prinsipiell karakter knytt til evalueringsarbeidet.

Finansiering:

Kostnadsramma for rapporten antar ein kjem på ca kr.300 - 400.000. Samarbeidsrådet for Sunnhordland vil søke Vestland fylke og Rogaland fylke om støtte til arbeidet med å utarbeide rapporten, då analysen er av viktig karakter for begge fylka.